

# **GEBYRREGULATIV 2020**

## **PLAN- OG BYGGESAKER**

**i**

## **Austevoll kommune**

**GEBYRER MED HEIMEL I PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 33-1,  
MATRIKKELLOVA § 32, MATRIKKELFORSKRIFTA § 16,  
EIGARSEKSJONSLOVA § 15, FORUREININGSLOVA § 52a, JORDLOVA § 2 og  
HAMNE- OG FARVANNSSLOVA § 6.**

## GJELDANDE F.O.M. 01.01.2020

### INNHALD

	Sidetal
<b>KAP 1: GENERELLE FØRESEGN</b>	4-5
<b>1.1 Betalingsplikt og frist</b>	4
<b>1.2 Kva regulativ som skal nyttast</b>	4
<b>1.3 Betalingstidspunkt</b>	4
<b>1.4 Søknad som blir trekt, stansa eller ikkje sett i gang</b>	4
<b>1.5 Søknad som fører til avslag</b>	5
<b>1.6 Urimeleg gebyr</b>	5
<b>1.7 Kommunen sine kostnader til sakkunnig hjelp</b>	5
<b>1.8 Klage på gebyr</b>	5
<b>1.9 Rabatt ved bruk av BYGGSØK</b>	5
<b>KAP 2: PLANSAKER</b>	5-7
<b>2.1 Førehandskonferansar og undervegsmøte m.m.</b>	6
<b>2.2 Nytt planforslag i tråd med overordna plan</b>	6
<b>2.3 Nytt planforslag ikkje i tråd med overordna plan</b>	6
<b>2.4 Endring av reguleringsplan</b>	6
2.4.1 «Mindre» endring	6
2.4.2 Tilleggsgebyr ved endring av planforslag	7
<b>2.5 Konsekvensutgreiing</b>	7
<b>2.6 Synfaring, gebyr på grunnlag av nytta tid</b>	7
<b>2.7 Tilbakebetaling av gebyr</b>	7
<b>KAP 3: BYGGE-OG DELESAKER</b>	7-14
<b>3.1 Dispensasjonssaker</b>	8
<b>3.2 Deling- og konsesjonssaker</b>	8
3.2.1 Handsamingsgebyr deling	9
3.2.2 Handsamingsgebyr konsesjon	9
<b>3.3 Søknadspliktige tiltak etter pbl. kap 20</b>	9
3.3.1 Tiltak som krev søknad og ansvarleg føretak, jf. § 20-2, bokstav a)	9
3.3.2 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan forestå, jf. § 20-2, bokstav b) jf. § 20-4	13
3.3.3 Endring av søknad/søknadsmateriale	13
3.3.4 Diverse tiltak	14
3.3.5 Tiltak igangsett eller tatt i bruk utan søknad, eller i strid med løyve	14
3.3.6 Gebyr på grunnlag av nytta tid	14
<b>3.4 Eigedomsopplysningar/kart</b>	14
<b>KAP 4: GEBYR ETTER MATRIKKELLOVA</b>	15-18
<b>4.1 Oppmålingsforretning.</b>	15
4.1.1 Oppretting av matrikkeleining	15
4.1.1.1 Grunneigedom, festegrund, jordsameige og matrikulering av umatrikulert grunn	15
4.1.1.2 Oppretting anleggseigedom	15
4.1.1.3 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering	15
4.1.1.4 Oppmålingsforretning der alle grenselinjer tidlegare er tilfredsstillande klarlagt og merka ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskifte	15

4.1.1.5 Oppretting uteareal på eigarseksjon	16
4.1.1.6 Registering av ureg. jordsameige og matrikulering av eks.umatrikulert grunn	16
4.1.1.7 Oppmålingsforretning over punktfeste	16
<b>4.2 Arealoverføring</b>	16
4.2.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige	16
4.2.2 Anleggseigedom	17
4.2.3 Arealoverføring mellom fleire enn to eigedomar	
4.2.4 Arealoverføring der alle grenselinjer tidlegare er tilfredsstillande klarlagt og merka ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskifte	17
4.2.5 Grensepåvising, der grensa tidlegare er koordinatfesta ved oppmålingsforretning eller tilsvarande	17
4.2.6 Klarlegging av eksisterande grense, der grensa ikkje er tidlegare koordinatfesta/eller klarlegging av rettar	17
<b>4.3 Grensejustering</b>	17
4.3.1 Grunneigedom	17
4.3.2 Anleggseigedom	18
4.3.3 Grensejustering mellom fleire enn to eigedomar	
4.3.4 Grensejustering der alle grenselinjer tidlegare er tilfredsstillande klarlagt og merka ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskifte	18
<b>4.4 Utferding av matrikelbrev</b>	18
<b>4.5 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering</b>	18
<b>4.6 Gebyr på grunnlag av nytta tid</b>	18
<b>KAP 5: SEKSJONERING</b>	19
<b>5.1 Seksjoneringsbegjæring</b>	19
<b>KAP 6: FORUREINA GRUNN</b>	19
<b>6.1 Forureina grunn, jf. forureiningslova § 52a</b>	19
<b>KAP 7: TIMESATSAR</b>	19
<b>7.1 Gebyr på grunnlag av nytta tid</b>	19

## **1. GENERELLE FØRESEGN**

### **1.1 Betalingsplikt og frist**

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinjene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, eller den som har bedt om å få utført aktuelt arbeid. Kommunen sender éin faktura, og splittar ikkje gebyret. Ved fleire søkjarar/tiltakshavarar, blir desse solidarisk ansvarlege for gebyret. Gebyret skal innbetalast, uansett utfall av søknad.

For alle gebyr gjeld betalingsfrist på 30 dagar frå fakturadato, dersom ikkje anna er avtalt. Ved for sein betaling kan kommunen krevje purregebyr på 10 % av rettsgebyret, jf. «*forskrift for inkassoloven*». Dersom kommunen må purre fleire gonger, vil kommunen krevje morarenter i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

Ved udekka krav overfor ein søkar, skal gebyr vere betalt eller garanti stilt, før handsaming av ny sak tek til.

### **1.2 Kva regulativ som skal nyttast**

Gebyret skal reknast ut etter det regulativ som var/er gjeldande på det tidspunkt kommunen har motteke fullstendig søknad, tilleggsøknad eller revidert søknad. For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn, t.d. plansaker, rammeløyver, delingssaker, gjeld det gebyrregulativet som låg føre då neste «trinn» var komplett til å handsamast. T.d. dersom rammesøknad var komplett i desember 2016, men IG kom i januar 2017, skal rammesøknaden fakturerast med regulativ frå 2016 og IG med gebyrregulativ for 2017.

Gebyr som er relatert til timesatsar, skal utreknast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

### **1.3 Betalingstidspunkt**

Faktura blir som hovudregel utsendt etter vedtak er fatta i saka, sjølv om det er registrert klage på saka.

For plansaker: Gebyr blir utsendt etter oppstartsløyve er handsama.

For frådelling: Gebyr for frådelingsvedtak blir utsendt etter vedtak er fatta. Oppmålingsgebyr, tinglysingsgebyr og evt. dokumentavgift blir ettersendt frå kommunen.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betala gebyr, medfører ikkje lengre betalingsfrist. Gebyra blir evt. refundert etter klagehandsaming.

### **1.4 Søknad som blir trekt, stansa eller ikkje sett i gang**

Når ein forslagsstillar/tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det arbeidet som er utført eller som kommunen må utføra. Dette blir fastsett særskilt. Dersom ein byggesøknad blir trekt etter løyvet er gjeve, eller ved bortfall av

løyve (§ 21-9), blir gebyret ikkje refundert.

### 1.5 Søknad som fører til avslag

Ved avslag på søknad etter pbl. §§ 20-2, 20-3, 20-4 og kap 19, skal det betalast fullt gebyr.

### 1.6 Urimeleg gebyr

Rådmannen kan, etter søknad, gi heilt eller delvis fritak for gebyr i konkrete saker. Søknaden om redusert gebyr utset ikkje fristen for betaling. Gebyret i regulativet må vere openbart urimeleg. Slike saker skal refererast i utval for plan- og byggesaker.

Varekode	Urimeleg gebyr	Pris
1304	Heilt eller delvis fritak for gebyr	Konkret vurdering

### 1.7 Kommunen sine kostnader til sakkunnig hjelp

I saker eller problemstillingar som medfører at kommunen må leige inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga for å tilfredstilla lovkrava, kan kommunen i tillegg til gebyret, krevja refundert utlegga til slik hjelp av den som skal betala saksgebyret.

Kommunen skal opplyse tiltakshavar om at det er trong for sakkunnig hjelp før denne blir bestilt. Dette vil gi tiltakshavar nødvendig informasjon om saksprosessen og kostnadane ein må pårekne.

### 1.8 Klage på gebyr

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova. Formannskapet er klageinstans for tilsvarende gebyrvedtak etter forureiningslova.

Det kan ikkje klagast på at regulativet blir nytta, berre på feil bruk. Klagen skal grunngjevast.

### 1.9 Rabatt ved bruk av BYGGSØK

Gebyr på digitale søknader som kjem inn via BYGGSØK, og som er komplett, blir redusert med 15 % i høve til ordinært gebyr.

Varekode	Rabatt BYGGSØK	Pris
1203	Gebyr på digitale søknader som kjem inn via BYGGSØK	15 % i høve til ordinært gebyr

## 2. PLANSAKER

Handsaming av planforslag blir ilagt med grunngjebyr. I tillegg kjem gebyr for førehandskonferansar (møter), planprogram med konsekvensutgreiing og evt. handsaming av prinsipp saker.

Rådmannen skal avslutte plansaker som er inaktive i 3 år eller kor dette skjer i samråd med

forslagsstillar. I slike tilfelle skal kommunestyret eller planutvalet orienterast ved skriftleg melding. Gjenopning av slike saker krev nytt oppstartsvedtak og nytt gebyr etter gjeldande gebyrregulativ.

## 2.1. Førehandskonferanse og undervegs møter

Varekode	Førehandskonferanse og undervegs møte	Pris
1000	Førehandskonferanse; små og mindre endringar i reg.plan (§§ 12-14(2) jf. § 12-12(2))	2 200
1001	Undervegs møte for alle typar reguleringsplansaker (per time)	2 200
1002	Førehandskonferanse; ny eller ordinær endring av reg.plan	3 800

## 2.2 Nytt planforslag i tråd med overordna plan

Fastsett etter planområdet sin storleik. Dersom kommunen krev at planområdet må utvidast utover det som er naudsynt for å vurdere konsekvensen av planforslaget, skal denne utvidinga ikkje takast med inn i gebyrfastsetjinga. Kommunen vel kva område som eventuelt skal trekkjast ut.

Varekode	Reguleringsplan i tråd med overordna plan	Pris
1004	Reguleringsplan i tråd med overordna plan inntil 5 daa	38 600
1005	Reguleringsplan i tråd med overordna plan f.o.m. 5-10 daa	44 100
1006	Reguleringsplan i tråd med overordna plan f.o.m. 10-20 daa	66 100
1007	Reguleringsplan i tråd med overordna plan over 20 daa	77 200
	For areal over 20 daa blir det gebyrlagt eit tillegg pr. 1 daa Øvre tak for gebyr er satt til 150.000	1 200

## 2.3 Planforslag som ikkje er i tråd med overordna plan

Fastsett etter planområdet sin storleik. Dersom kommunen krev at planområdet må utvidast utover det som er naudsynt for å vurdere konsekvensen av planforslaget, skal denne utvidinga ikkje takast med inn i gebyrfastsetjinga. Kommunen vel kva område som eventuelt blir trekt ut.

Varekode	Reguleringsplan ikkje i tråd med overordna plan	Pris
1008	Reguleringsplan ikkje i tråd med overordna plan inntil 5 daa	61 700
1009	Reguleringsplan ikkje i tråd med overordna plan f.o.m. 5-10 daa	71 700
1010	Reguleringsplan ikkje i tråd med overordna plan f.o.m. 10-20 daa	82 700
1011	Reguleringsplan ikkje i tråd med overordna plan over 20 daa	99 200
	For areal over 20 daa blir det gebyrlagt eit tillegg pr. 1 daa Øvre tak for gebyr er satt til 200.000	2 200

## 2.4 Endring av reguleringsplan

For ordinær endring av eksisterande plan, gjeld tilsvarende gebyr som under pkt. 2.2 og 2.3. Gebyra i 2.4.1 gjeld for forenkla prosess av planendring, jf. pbl. § 12-14 (2). Dersom endring er innsøkt etter forenkla prosess, men må takast som ordinær, er det ordinære gebyr som gjeld.

### 2.4.1 Endring etter forenkla prosess

Med skildringa forenkla prosess blir det vist til pbl. § 12-14 (2).

Varekode	Forenkla prosess	Pris
1012	Forenkla prosess; For planareal inntil 5 daa	23 000
1013	Forenkla prosess; For planareal over 5 daa	35 000

#### 2.4.2 Tilleggsgebyr ved endring av planforslag

Varekode	Endring av planforslag	Pris
1014	Forslagsstillar/søkar på eige initiativ gjer vesentlege endringar av eit komplett planforslag, etter det er innsendt til handsaming, blir det ilagt ekstra 25 % av berekna totalgebyr.	25 % av totalt berekna gebyr

#### 2.5 Konsekvensutgreiing

Tilleggsgebyr for reguleringsplan med krav til KU og planprogram, uavhengig av planområdet sin storleik.

Varekode	Konsekvensutgreiing	Pris
1015	Reguleringsplan med krav til KU og planprogram	13 200
	Reguleringsplan med krav til KU, men ikkje planprogram	8 400

#### 2.6 Synfaring, gebyr på grunnlag av nytta tid

Varekode	Skildring	Pris
1016	Timespris for synfaring (gjelder ikkje synfaring knytt til vanleg sakshandsaming) som tingast av forslagsstillar, inkl. transport, utstyr og materiell	1 100
	Timesats for kontorarbeid og administrativ støtte	700

#### 2.7 Tilbakebetaling av gebyr

I samsvar med FOR-2017-12-08-1950 § 8, skal kommunen tilbakebetale forslagsstillar 10 % av gebyret i saka for kvar veke sakshandsamingsfristen blir overskride, maksimalt 10 veker. Dette gjeld saker som er til 1. gongs handsaming og ikkje saker til oppstart, 2. gongs handsaming eller godkjenning.

Sakshandsamingsfrist blir avbroten dersom planforslaget må returnerast til ansvarleg søkar for supplering.

### 3. BYGGE- OG DELESAKER

Av byggesaksgebyret, skal ca. 10 % dekke kostnadane ved tilsyn, jf. pbl. § 33-1.

I tillegg til byggegebyr, blir det fastsett gebyr for andre tenester knytt til søknad slik det går fram av dette regulativet. Det skal betalast gebyr pr. tiltak i samsvar med regulativet.

Ved søknad om løyve som inneheld søknad om riving (for oppføring av erstatningsbygg), blir det ikkje

fastsett gebyr for riving.

Ved tilbygg/påbygg som takoverbygg, karnapp, terrasse, takterrasse (balkong, altan og veranda), utviding av eksisterande terrasse og andre tiltak som medfører utviding av arealet, utgjør det samla tilleggsarealet grunnlaget for fastsetting av gebyr.

For teikningar og prosjekt som blir *revidert eller endra* etter at vedtaket er fatta første gong, blir nytt gebyr fastsett til 50 % av ordinært gebyr ved endringshandsaming. Krev kommunen ny søknad, blir det pålagt nytt, ordinært gebyr.

Dersom bygningsmynde har ei forfallen fordring overfor søkar/tiltakshavar, skal gebyr for ny sak vere betalt, eller garanti vere stilt, innan handsaming av ny sak tek til.

Betalingsfrist er 30 dagar.

Rabatt ved bruk av BYGGESØK utgjør 15 % i høve til ordinært gebyr. Dette gjeld berre der innsendt søknad er komplett og gjeld ikkje dispensasjonssøknader.

### 3.1 Dispensasjonssaker (pbl. kap 19)

For tiltak som krev permanent eller mellombels dispensasjon etter pbl. kap 19.

Det skal betalast gebyr for kvar ulik dispensasjon som tiltaket krev.

T.d. dispensasjon for eit tiltak i strandsona, samt dispensasjon frå plankrav, vil ha følgjande gebyr: 16 600 (strandsona) + 16 600 (plankrav) = 33 200 for handsaming.

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til byggesaksgebyr. Gebyret skal innbetalast uavhengig av utfall på søknad.

Sakshandsamingsgebyret for dispensasjonssøknadar gjeld for kvar tomt som er omsøkt.

Varekode	Dispensasjon	Pris
1100	Strandsona, jf. pbl. § 1-8, 2. avsnitt (100-meters beltet)	16 600
1101	Plankart i gjeldande arealplanar	16 600
1102	Føresegner i gjeldande arealplaner	11 100
1103	Mellombels byggjeforbod, jf. § 13-1	6 800
1104	Plankrav i arealplanar eller i pbl.	16 600
1105	Mindre tiltak innanfor reg.plan (byggegrense, plassering av tiltak, utnyttingsgrad m.m.)	11 100
1106	Veglova, enkle dispensasjonar	1 300
1107	Veglova, kompliserte dispensasjonar	3 900
1108	Avvik/dispensasjon frå TEK (tekniske krav til byggverk, jf. pbl. § 29-5)	5 500

### 3.2 Delingssøknader og konsesjon

Søknader for diverse tiltak som krev handsaming etter pbl. § 20-1, bokstav m), jordlova og evt. konsesjonslova.

#### 3.2.1 Handsamingsgebyr deling

Handsamingsgebyret gjeld for kommunen si handsaming av delingssøknaden.

Sakshandsamingsgebyret gjeld for kvar tomt som er omsøkt. I tillegg kjem gebyr for handsaming



etter jordlova, eventuell førehandskonferanse, undervegs møter, oppmålingsgebyr, tinglysingsgebyr og evt. dokumentavgift (Sjå punkt 4 flg.).

Varekode	Delingssøknad	Pris
1109	Delingssøknad i regulert område (RP)	3 300
	Delingssøknad i regulert område som manglar avklart mogleg løysning for infastruktur (VA-plan) og/eller klart avgrensa tomter	7 000
1110	Delingssøknad i uregulert område (KPA)	7 200
	Delingssøknad i uregulert område (KPA) som krev uttalebrev	9 000

Det blir gitt rabatt på handsamingsgebyret ved søknad om deling av fleire tomter frå same eigedom. Rabatt gjelder berre for delingssøknad i regulert område (varekode 1109):

Varekode	Rabatt ved søknad om fleire tomter	Pris
	1-3 tomter	0 %
	4-10 tomter	10 %
	11-20 tomter	20 %
	21-50 tomter	30 %
	51→ tomter	40 %

Varekode	Delingssøknad	Pris
1111	Delingssøknad som krev handsaming etter jordlova § 12 (jf. § 9), enkle saker	1 100
1112	Delingssøknad, jordlova, større søknader	2 300
1113	Førehandskonferanse for søknadspliktige delingssaker (pr. time)	2 200
1114	Undervegs møte (pr. time)	2 200

### 3.2.2 Handsamingsgebyr konsesjon

Det er ikkje gebyr for handsaming av eigenfråsegn om konsesjonsfridom. Ved handsaming av konsesjonssøknadar for større eigedommar med større landbruksverdi skal ein nytte varekode 1116.

Varekode	Konsesjonssøknad	Pris
1115	Konsesjonssøknad, enkle/kurante saker	1 600
1116	Konsesjonssøknad, større søknader maks	5 000

Etter «forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker» FOR-2014-09-22-1223, § 2 «*kan det kreves et gebyr på inntil kr 5 000*» for søknadar om konsesjon.

### 3.3 Søknadspliktige tiltak etter pbl. kap. 20

Bygge- og anleggssaker. Gebyra er faste gebyr til dekking av kommunen sine snittkostnader med ei sak som er komplett tilrettelagt frå søkar si side. Satsane gjeld for kvart einskild omsøkt bygg og/eller brukseining, med tilhøyrande konstruksjonar. Til dømes blir det fakturert for kvart tiltak i ein søknad om terrenginngrep, bustad og garasje (ikkje viss garasjen er del av bustad). Sakshandsamingsgebyret gjeld for kvar tomt som er omsøkt. For større utbyggingar/byggefelt blir VVA-anlegg handsama som eiga byggesak med påfølgjande gebyr.

### 3.3.1 Tiltak som krev søknad og ansvarleg føretak, jf. § 20-2, bokstav a)

Varekode	<b>Bustadar</b>	Pris
	<i>Eitt-trinnssøknad</i>	
1117	For 1. eining	16 600
1118	Deretter pr. eining	9 700

	<i>Rammeløyve</i>	
1119	For 1. eining	13 300
1120	Deretter pr. eining	7 600
1121	Igangsetting pr. søknad	2 200

Varekode	<b>Tilbygg/påbygg til bustadar</b>	Pris
	<i>Eitt-trinnssøknad</i>	
1122	BRA 0-50 m <sup>2</sup>	7 800
1123	BRA 51-100 m <sup>2</sup>	10 000
1124	BRA over 100 m <sup>2</sup>	15 100

	<i>Rammeløyve</i>	
1125	BRA 0-50 m <sup>2</sup>	7 600
1126	BRA 51-100 m <sup>2</sup>	9 900
1127	BRA over 100 m <sup>2</sup>	14 900
	Igangsettingsløyve pr. søknad	2 200

Varekode	<b>Fritidsbustad (hytter, bygningar med turistføremål)</b>	Pris
	<i>Eitt-trinnssøknad</i>	
1128	For 1. eining	16 600
1129	Deretter pr. eining	9 700

	<i>Rammeløyve</i>	
1130	For 1. eining	13 300
1131	Deretter pr. eining	7 600
1132	Igangsetting pr. søknad	2 700

Varekode	<b>Tilbygg/påbygg til fritidsbustad (hytter, bygningar med turistføremål)</b>	Pris
	<i>Eitt-trinnssøknad</i>	
1134	BRA 0-50 m <sup>2</sup>	7 800
1135	BRA 51-100 m <sup>2</sup>	10 000
1136	BRA over 100 m <sup>2</sup>	15 100

	<i>Rammeløyve</i>	
1138	BRA 0-50 m <sup>2</sup>	7 600
1139	BRA 51-100 m <sup>2</sup>	9 800
1140	BRA over 100 m <sup>2</sup>	14 900
1141	Igangsettingsløyve pr. søknad	2 700

Varekode	<b>Garasje, naust, båtgarasje, uthus m.m.</b>	Pris
	<i>Eitt-trinnssøknad</i>	
1142	BRA 0-50 m <sup>2</sup>	7 900
1143	BRA 51-100 m <sup>2</sup>	9 900
1144	BRA over 100 m <sup>2</sup>	10 900

	<i>Rammeløyve</i>	
1145	BRA 0-50 m <sup>2</sup>	7 800
1146	BRA 51-100 m <sup>2</sup>	9 700
1147	BRA over 100 m <sup>2</sup>	10 800
1148	Igangsettingsløyve, pr. søknad	2 700
	Ved fleire einingar innsøkt samstundes på same gnr./bnr., skal det betalast 75 % av ordinært gebyr.	

	<b>Tilbygg/påbygg til garasje, naust, båtgarasje</b>	<i>50% av ord. gebyr</i>
Varekode	<b>Næringsbygg (ervert)</b>	Pris
	<i>Eitt-trinnssøknad</i>	
1149	BRA 0-70 m <sup>2</sup>	5 000
1150	BRA 71-100 m <sup>2</sup>	8 700
1151	BRA 101-500 m <sup>2</sup>	20 500
1152	BRA 501-1000 m <sup>2</sup>	32 100

	<i>Rammeløyve</i>	
1153	BRA 0-70 m <sup>2</sup>	4 600
1154	BRA 71-100 m <sup>2</sup>	8 600
1155	BRA 101-500 m <sup>2</sup>	20 200
1156	BRA 501-1000 m <sup>2</sup>	31 400
1157	Igangsettingsløyve pr. søknad	2 800
	For BRA over 1000 m <sup>2</sup> skal det reknast tillegg på 3.200 for kvar påbyrja 200 BRA. For øvrige etasjar, stativhallar, overtrykshallar, skur og veksthus, skal det reknast 50 % av gebyr for hovudetasje.	

	<b>Tilbygg/påbygg til næringsbygg</b>	
	50 % av satsane for tiltaka for næringsbygget, jf. ovanfor	

Varekode	<b>Fasadeendring, reparasjon og liknande</b>	Pris
1158	Bustadar (frittliggande, tomannsbustadar, rekkehus, naust)	4 800
1159	Større bygningar	7 900
	<b>Hovudombygging</b> For alle tiltak	<i>60 % av ordinært byggesaksgebyr</i>

Varekode	<b>Bruksendring</b>	Pris
1160	Bruksendring, § 20-1, bokstav d)	7 800
1161	Mellombels bruksendring, jf. KPA	7 600
1162	For mindre bruksendring, av berre éin etasje (t.d. bruksendring av loft/kjellar)	5 400

Varekode	<b>Riving</b> (ikkje gebyr dersom ein del av søknad er erstatningsbygg)	Pris
1163	BRA 0-50 m <sup>2</sup>	3 800
1164	BRA 51-250 m <sup>2</sup>	4 400
1165	BRA 251-500 m <sup>2</sup>	6 000
1166	BRA over 500 m <sup>2</sup>	8 600
	For areal over 500m <sup>2</sup> skal det reknast eit tillegg på kr. 1 500 for kvar påbyrja 250 m <sup>2</sup> BRA.	

Varekode	<b>Oppdeling/samanføring av brukseiningar, jf. pbl. § 20-1</b>	Pris
1167	Av brukseiningar, bustadar m.m.	8 100

Varekode	<b>Innhegning</b> (gjeld innhegning, støttemur, støyskjermar, leveggar)	Pris
1168	Lengde, under 10 m	3 800
1169	Lengde 11-50 m	5 900
1170	Lengde over 50 m	10 700

Varekode	<b>Skilt og reklame</b>	Pris
1171	Skilt/reklame pr. tavle/innretning	4 600

Varekode	<b>Diverse anlegg</b>	Pris
1172	Flytebrygge/anlegg/trebrygge 0-13 m <sup>2</sup> (inkl. landgang)	7 000
1173	Flytebrygge/anlegg/trebrygge 14-25 m <sup>2</sup> (inkl. landgang)	10 200
1174	Flytebrygger/anlegg/trebrygge over 25 m <sup>2</sup> (inkl. landgang)	14 000
	Ved fleire flytebrygger/trebrygger innsøkt i same søknad, blir grunnebyret for øvrige flytebrygger redusert med 40 % pr. stk.	
1175	Større kaiar m.a. (over 25 m <sup>2</sup> )	15 100
	NB: Tillegg kjem for handsaming etter hamn- og farvannslova, jf. pkt 3.3.4	

Varekode	<b>Vesentleg terrenginngrep</b>	Pris
1176	Inntil 1 daa	9 100
1177	Over 1 daa	11 300
	Utomhusareal for område	12 900
1178	Ny avkøyrsløse	5 400

Varekode	<b>Veg og parkeringsplass</b>	Pris
1179	Mindre parkeringsplass (inntil 10 bilar)/veg inntil 100 m lengde	4 800
1180	Større parkeringsplass/veg over 100 m lengde	10 800

Varekode	<b>Byggetekniske installasjonar (separat søknad) jf. § 20-2</b>	Pris
1181	Pipe/eldstad/biopeis/naturgass	3 500
1182	Ventilasjonsanlegg utan nabovarsling	4 300
1183	Ventilasjonsanlegg med nabovarsling (kuldeanlegg og varmpumpe)	6 500
1184	Heis, rulletrapp, rullande fortau m.m.	7 600
1185	Brannvarslingsanlegg/brannslukkingsanlegg	4 300

Varekode	<b>Byggtekniske installasjonar (separat søknad) jf. § 20-2</b>	Pris
1186	Avløp (sanitær/minireinseanlegg) inntil 5 PE	8 100
1187	Sanitæranlegg større enn bustadhus (større enn 5 PE)	12 900
1188	Rehabilitering av avløpsanlegg i bustad (pålagt av kommunen)	3 100
1189	Avløpsplanar inntil 50 PE og tekniske anlegg i grunn	14 000
1190	Avløpsplanar over 50 PE og tekniske anlegg i grunn	19 400
	<b>NB:</b> Utslepp i sjø må og ha løyve etter hamne-og farvannslova, jf. pkt. 3.3.4	

Varekode	<b>Diverse tiltak</b>	Pris
1191	Antenneanlegg, mobilstasjon, bossug, basseng (utandørs), leikeplass, ballbinge, fotballplass, bretttrampe, sykkelbane, stikkledningar m.m. som ikkje er nemnd under 3.3.1	4 800
	<b>Rehabilitering av verneverdige bygg</b> Rehabilitering og IG av tiltak i eldre, verneverdige bygningar som fører til miljøforbetringar, kan søkjast fritaken for gebyr. Elles gjeld gebyr som vanleg tabell ovanfor. Mynde til fritak for gebyr er delegert til rådmannen	<i>Som vanleg; tabell ovanfor</i>

Varekode	<b>Ferdigattest og mellombels bruksløyve</b>	Pris
1192	Ved utferding av ferdigattest, der det er gått meir enn 2 år etter mellombels bruksløyve er utgått	3 300
	Ved utferding av mellombels bruksløyve	2 100
1193	Ved andre manglar i førespurnad, eller manglande førespurnad, om mellombels bruksløyve/ferdigattest, som krev oppfølging	2 200

Varekode	<b>Førehandskonferanse og mellommøte</b>	Pris
1194	<b>Førehandskonferanse</b> for søknadspliktige bygge- og delingssaker etter pbl. § 20-2 (pr. time)	2 200
1194	Mellommøte for søknadspliktige bygge- og delingssaker etter pbl. § 20-2 (pr.time)	2 200

### 3.3.2. Tiltak som tiltakshavar sjølv kan forestå, jf. § 20-2, bokstav b) jf. § 20-4

Varekode	<b>Driftsbygningar i landbruket</b>	Pris
	0-500 m <sup>2</sup>	4 300
	Over 500 m <sup>2</sup>	8 600
	<b>Mellombels bygg og anlegg</b>	
	0-100 m <sup>2</sup>	4 600
	Over 100 m <sup>2</sup>	7 000
	Andre tiltak som tiltakshavar sjølv kan forestå, blir det rekna <b>75 %</b> av ordinært gebyr i pkt. 3.3.1	

### 3.3.3 Endring av søknad/søknadsmateriale

Varekode	<b>Type endring</b>	Pris
1196	Berre reviderte teikningar, som krev nabovarsel	4 800
1197	Berre reviderte teikningar, utan nabovarsel	1 600
	Endring av rammeløyve	<i>50 % av ordinært gebyr</i>

	Endring av eitt-trinnssøknad	50 % av ordinært gebyr
	Endring av ansvarsforhold	1 600

### 3.3.4 Diverse tiltak

Varekode	Landbruksveg	Pris
1198	0-100 meter	4 600
1199	Over 100 meter	7 000
1200	<b>Alle tiltak i sjø</b> , jf. lov om hamner og farvann	3 900
	Anna arbeid som ikkje kan utreknast etter ovannemnde satsar, blir gebyr fastsett i samsvar med pkt. 3.3.6	

### 3.3.5 Tiltak igangsett eller tatt i bruk utan søknad, eller i strid med løyve

Varekode	Skildring	Pris
	Dersom tiltak, som krev søknad og løyve etter pbl., jordlov, landbruksforskrift eller hamne- og farvannslov, er sett i gang eller tatt i bruk utan løyve, eller utført i strid med regelverk eller løyve/vilkår frå kommunen, blir det rekna gebyr utifrå tidsbruk i samsvar med pkt 3.3.6	<i>Gebyr blir fastsett på grunnlag av brukt tid. I tillegg kjem gebyr for handsaming av søknad.</i>

### 3.3.6 Gebyr på grunnlag av nytta tid

Varekode	Skildring	Pris
1201	Timesats for kontorarbeid og administrativ støtte	700
1202	Timespris for synfaring, tilsyn og markarbeid inkl. transport, utstyr og materiell	1100

### 3.4 Eigedomsopplysningar/kart

Varekode	Eigedomsmeklarpakke/kart	Pris
1500	Ubebygd eigedom	2 200
1501	Bebygd eigedom	3 300
	<b>Digital oversending/utskrift frå arkiv</b> Fastsett etter nytta tid, i medhald av pkt. 3.3.6	

Varekode	Vektorkart SOSI	Pris
1502	0-25 daa	1 100
1503	26-50 daa	1 400
1504	51-100 daa	1 700
1505	101-300 daa	2 100
1506	Over 300 daa	2 500
	Levering: Elektronisk	

#### 4 GEBYR ETTER MATRIKKELLOVA

Gebyra gjeld for oppretting av matrikkeleining, grensejustering, arealoverføring mm.

##### 4.1 Oppmålingsforretning. Saker som krev oppmålingsforretning etter § 6.

I tillegg til gebyra nedanfor, blir det fakturert med naudsynt tinglysningsgebyr og dokumentavgift.

##### 4.1.1 Oppretting av matrikkeleining

##### 4.1.1.1 Grunneigedom, festegrunn, jordsameige og matrikulering av umatrikulert grunn

Varekode	Oppretting av matrikkeleining	Pris
1250	Areal frå 0-250 m <sup>2</sup>	17 200
1251	Areal frå 251 m <sup>2</sup> – 1000 m <sup>2</sup>	22 700
1252	Areal frå 1001 m <sup>2</sup> -2000 m <sup>2</sup>	27 000
1253	Areal frå 2001 m <sup>2</sup> – auke pr. påbyrja 1000 m <sup>2</sup> opp til 20.000 m <sup>2</sup>	1 600
	Areal frå 20.001 m <sup>2</sup> etter medgått tid. Minimumssats er 55.100 kr	1 200 per time
1254	Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	1 600

Varekode	Rabatt ved oppmåling av fleire tomter	Pris
	1-3 tomter	0 %
1255	4-10 tomter	10 %
1256	11-20 tomter	20 %
1257	21-50 tomter	30 %
1258	51 → tomter	40 %
	*Rabatten gjeld for den delen av gebyret som fell på Aukas. Rabatten gjeld f.o.m. tomt 1.	

Frådeling frå fleire bruk som skal brukast som ein bustadeining, blir det kravd eitt oppmålingsgebyr på totalareal.

##### 4.1.1.2 Oppretting anleggseigedom

Varekode	Skildring	Pris
1259	0- 500 m <sup>3</sup>	16 200
1260	501- 750 m <sup>3</sup> (BYA/fotavtrykk)	21 500
1261	751 - 2000 m <sup>3</sup>	27 000
1262	2001- 5000 m <sup>3</sup>	33 400
1263	Eigedom over 5000 m <sup>3</sup> - auke av gebyret pr. påbyrja 1000 m <sup>3</sup>	1 100

##### 4.1.1.3 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Sjå pkt. 4.5.

##### 4.1.1.4 Oppmålingsforretning der alle grenselinjer tidlegare er tilfredsstillande klarlagt og merka ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskifte

Reduksjon av gebyr for å bruke oppmålingsforretninga etter pkt. 4.1.1.4 er betinga av at alle grenselinjer tidlegare er tilfredsstillande klarlagt og merka ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskifte. Denne typen oppmålingsforretning skjer utan synfaring og vil skje på kontoret -

Oppmålingsforretning utan oppmøte i marka, jf. Matrikkelforskrifta § 40. Dersom disse vilkåra er oppfylt skal søkar få 50 % reduksjon, jf. pkt. 4.1.1.1 og 4.1.1.2.

#### 4.1.1.5 Oppretting eller endring av uteareal til eigarseksjon

##### Prisar pr. seksjon

Varekode	Tilleggsareal pr. eigarseksjon areal	Pris
1264	0-50 m <sup>2</sup>	7 900
1265	51-250 m <sup>2</sup>	8 600
1266	251-2000 m <sup>2</sup>	10 800
1267	Over 2000 m <sup>2</sup> – auke pr. påbyrja daa	1 600
	Ved oppretting av fleire uteareal på eigarseksjonen samstundes, blir det fakturert 70 % av ord.gebyr f.o.m. 10-20 parsell, deretter 60 % f.o.m. den 21. parsellen.	

#### 4.1.1.6 Registrering av uregistrert jordsameige og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Registrering av av uregistrert jordsameige og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn blir fakturert etter nytta tid, men det er eit minimumsgebyr på kroner 9 000.

Varekode	Gebyr på grunnlag av nytta tid	Pris
	Timesats for kontorarbeid og administrativ støtte	900
	Timespris for synfaring, tilsyn og markarbeid inkl. transport, utstyr og materiell	1 200

#### 4.1.1.7 Oppmålingsforretning over punktbeste

Varekode	Oppmålingsforretning over punktbeste	Pris
	Per festenummer	10 000

## 4.2 Arealoverføring

### 4.2.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser som hovudregel dokumentavgift. (Gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.)

Varekode	Areal	Pris
1268	0-250 m <sup>2</sup>	17 200
1269	251-1000 m <sup>2</sup>	22 700
1270	1001-2000 m <sup>2</sup>	27 000
1271	2001 m <sup>2</sup> – auke pr. påbyrja 1000 m <sup>2</sup> opp til 20.000 m <sup>2</sup>	1 600
	Areal frå 20.001 m <sup>2</sup> etter medgått tid. Minimumssats er 55.100 kr	1 200 per time

Pris for areal ved makebytte/arealoverføring for to teigar der disse teigene byter areal blir satt til 25% reduksjon på kvar av dei to ordinære gebyr etter pkt. 4.2.1.



#### 4.2.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overført fra ein matrikkeleining til ein annan, ikkje vere registrert på ein tredje matrikkeleining. Volumet kan berre overført til éin matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

Varekode	Volum	Pris
1272	0 - 500 m <sup>3</sup>	16 200
1273	501- 1000 m <sup>3</sup>	20 500

#### 4.2.3 Arealoverføring mellom fleire enn to eigedomar

Når fleire areal/volum blir arealoverførte frå eller til éin eigedom i same sak, og blir gjennomført samstundes: Areal/volum blir rekna ut frå summen av delareal/delvolum ved ilegging av gebyr etter pkt. 4.2.1 og 4.2.2.

#### 4.2.4 Arealoverføring der alle grenselinjer tidlegare er tilfredsstillande klarlagt og merka ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskifte

Reduksjon av gebyr for å bruke oppmålingsforretninga etter pkt. 4.1.1.4 er betinga av at alle grenselinjer tidlegare er tilfredsstillande klarlagt og merka ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskifte. Denne typen oppmålingsforretning skjer utan synfaring og vil skje på kontoret. Dersom disse vilkåra er oppfylt skal søkar få 50 % reduksjon, jf. pkt. 4.2.1 og 4.2.2.

#### 4.2.5 Grensepåvising, der grensa tidlegare er koordinatfesta ved oppmålingsforretning eller tilsvarande

Varekode	Grensepåvising	Pris
1274	For inntil 2 pkt.	3 800
1275	For kvart grensepunkt utover dette, pr. pkt.	800

#### 4.2.6 Klarlegging av eksisterande grense, der grensa ikkje er tidlegare koordinatfesta/eller klarlegging av rettar

Varekode	Klarlegging av eksisterande grense	Pris
1276	For inntil 2 pkt.	5 900
1277	For kvart grensepunkt utover dette, pr. pkt.	1 900
	Gebyr for klarlegging av rettar blir fakturert etter nytta tid, jf. pkt. 4.6	

### 4.3 Grensejustering

#### 4.3.1 Grunneigedom

Ved grensejustering kan arealet for involverte eigedomar endrast med inntil 5 % av eigedomens areal, men det maksimale grensa for endring er 500 m<sup>2</sup>. Ein eigedom kan heller ikkje avgje areal som i sum overstig 20 % av eigedomen sitt areal, før justeringa.

Varekode	Grensejustering	Pris
1278	Areal 0-100 m <sup>2</sup>	11 300
1279	Areal 101-500 m <sup>2</sup>	13 400

#### 4.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er 1000 m<sup>3</sup>.

Varekode	Anleggseigedom	Pris
1280	0-250 m <sup>3</sup>	12 900
1281	250- 1000 m <sup>3</sup>	17 700

#### 4.3.3 Grensejustering mellom fleire enn to eigedomar

Dersom fleire areal blir grensejusterte frå eller til ein eigedom i same sak, og gjennomført samstundes: Areal/volum blir rekna ut frå summen av delareal/delvolum ved fastsetting av gebyra etter 4.3.1 og 4.3.2.

#### 4.3.4 Grensejustering der alle grenselinjer tidlegare er tilfredsstillande klarlagt og merka ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskifte

Rabatt på 65 % ihht. ordinært gebyr, jf. pkt 4.3.1 og 4.3.2.

#### 4.4 Utferding av matrikelbrev

Varekode	Matrikelbrev	Pris
1282	Matrikelbrev inntil 10 sider	175
1283	Matrikelbrev over 10 sider	350

Matrikkelforskrifta § 16, 4 avsnitt bestemmer at kommunen kan ta eit særskilt gebyr per utstedt matrikelbrev som ikkje må «overstige kr 175 for matrikelbrev under 10 sider og kr 350 for større brev».

#### 4.5 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Varekode	Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering	Pris
1284	Dersom saka blir trekt, ikkje let seg gjennomføre eller må avvisast før fullført og det ikkje er utført feltarbeid	2 200
1285	Dersom saka blir avbroten før det blir halden oppmålingsforretning, når feltarbeid er utført	1/3 av gebyrsats
1286	Dersom saka blir avbroten etter at det er halden oppmålingsforretning	2/3 av gebyrsats

#### 4.6 Gebyr på grunnlag av nytta tid

For tenester etter matrikkellova som blir rekna etter nytta tid, gjeld timesatsane under. Under dette fell referanse om avtale som må førast inn i matrikkelen.

Varekode	Gebyr på grunnlag av nytta tid	Pris
	Timesats for kontorarbeid og administrativ støtte	900
	Timespris for synfaring, tilsyn og markarbeid inkl. transport, utstyr og materiell	1 200

## 5 SEKSJONERING

Gebyr ihht. eigarseksjonslova § 15 sine maksimalgebyr. Endring i rettsgebyret er fastsett av staten.

### 5.1 Seksjoneringsbegjæring

Varekode	Seksjonering	Pris
	Der det ikkje er gjennomført synfaring, er gebyret fastsett til 3 x rettsgebyret	Rettsgebyr x 3
	Der det er gjennomført synfaring, er gebyret fastsett til 5 x rettsgebyret	Rettsgebyr x 5
	Ved avslag på seksjoneringsøknader, blir gebyret sett til 50 %	50 %

## 6 Forureina grunn

### 6.1 Forureina grunn, jf. forureiningslova § 52a

Varekode	Skildring	Pris
	Søknad om godkjenning av tiltaksplan, etter forureiningsforskriften kap. 2	5 300

## 7. TIMESATSAR

Andre tenester som det ikkje er fastsett gebyr på blir fakturert etter medgått tid. Ved tvil, avgjer rådmannen kva saker dette gjeld.

### 7.1 Gebyr på grunnlag av nytta tid

Varekode	Gebyr på grunnlag av nytta tid	Pris
	Timesats for kontorarbeid og administrativ støtte	1 100
	Timespris for synfaring, tilsyn og markarbeid inkl. transport, utstyr og materiell	1 100